



NOREGS HØGSTERETT

Den 7. august 2024 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Falkanger, Høgetveit Berg og Hellerslia i

HR-2024-1406-U, (sak nr. 24-119428STR-HRET), straffesak, anke over orskurd:

A (advokat Sverre Sjøvold)

mot

Påtalemakta (politiadvokat Nhu Mai Ngo)

sagd slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld vidare anke over lagmannsrettens orskurd om varetektsfengsling.
- (2) A, fødd 00.00.1981, vart gripen av politiet 30. april 2024 og sikta for brot på straffelova § 282 om mishandling i nære relasjonar.
- (3) Han vart varetektsfengsla i to veker ved Oslo tingretts orskurd 1. mai 2024. Fengslinga vart oppretthalden ved Borgarting lagmannsretts orskurd 7. mai 2024. A vart deretter frigjeven 15. mai 2024, med besøksforbod mot den fornærma fram til 14. juli 2024.
- (4) Den 4. juni 2024 vart A gripen på nytt, og ved Oslo tingretts orskurd 6. juni 2024 vart han varetektsfengsla i fire veker. Han vart deretter overført til soning av Oslo tingretts dom 8. januar 2024. Soninga var ferdig 27. juli 2024. Påtalemakta kravde då varetektsfengsling i inntil fire nye veker.
- (5) Ved Oslo tingretts orskurd 26. juli 2024 vart A varetektsfengsla fram til 24. august 2024. Fengslingsgrunnlaget var gjentakingsfare.
- (6) A anka orskurden. Forsvararen sendte støtteskriv til påtalemakta innan fristen. Påtalemakta sendte deretter sine merknader til lagmannsretten, utan at støtteskrivet frå forsvararen fylgde med.
- (7) Ved Borgarting lagmannsretts orskurd 31. juli 2024 vart anken forkasta. Lagmannsretten la til grunn at det ikkje var sendt støtteskriv.
- (8) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld sakshandsaminga. Det er ein sakshandsamingsfeil at lagmannsretten la til grunn at det ikkje var sendt støtteskriv. Lagmannsrettens orskurd må opphevast.

- (9) *Påtalemakta* stadfester at støtteskrivet var sendt til påtalemakta innan fristen og at det ikkje vart sendt vidare. Også påtalemakta meiner at orskurden må opphevast.
- (10) *Høgsteretts ankeutval* viser til at anken gjeld lagmannsrettens sakshandsaming, som utvalet kan prøve, jf. straffeprosesslova § 388.
- (11) Støtteskrivet var sendt til påtalemakta innan fristen. Det vart ikkje sendt til lagmannsretten, korkje av forsvararen eller påtalemakta. Lagmannsrettens orskurd vart difor sagd utan at lagmannsretten var kjent med støtteskrivet frå forsvararen. Utvalet meiner at dette er ein kontradiksjonsfeil som den sikta ikkje kan klandrast for.
- (12) Etter straffeprosesslova § 385 tredje ledd fyrste punktum, jf. § 343 fyrste ledd, får ein sakshandsamingsfeil berre rettsverknader når feilen kan ha verka inn på innhaldet i orskurden. Etter praksis skal det i utgangspunktet lite til før kontradiksjonsfeil fører til oppheving, jf. til dømes Rt-2012-1715 avsnitt 11, Rt-2012-1919 avsnitt 12 og HR-2018-1563-U avsnitt 16.
- (13) Argumentasjonen i støtteskrivet var knytt til gjentakingsfaren og proporsjonaliteten. Det vart gjort gjeldande at gjentakingsfaren var svekt etter orskurden 6. juni 2024, og at det var fare for oversoning. Støtteskrivet inneheld både rettskjelder og faktiske opplysningar.
- (14) I merknadene frå påtalemakta stod det berre ein setning om at forsvararen «har anført at det ikke foreligger gjentakelsesfare og at fengsling vil være uforholdsmessig på grunn av fare for oversoning».
- (15) Sjølv om påtalemakta formidla hovudinnhaldet i kva som var gjort gjeldande, og sjølv om det skulle vera lite sannsyn for at lagmannsretten ville ha kome til et anna resultat om han hadde fått støtteskrivet, vart lagmannsretten ikkje gjort kjent med den nærare argumentasjonen frå forsvararen. Ankeutvalet meiner då det er ein reell sjanse for at feilen kan ha verka inn på resultatet, jf. straffeprosesslova § 385 tredje ledd, jf. § 343 fyrste ledd.
- (16) Etter dette finn ankeutvalet samrøystes at orskurden må opphevast.

S L U T N I N G

Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)

Aage Thor Falkanger
(sign.)

Thom Arne Hellerslia
(sign.)